

Supplerande opplysningar vedrørende søknad om tilbygg, gbnr 323/578 Frekhaug.

Viser til brev fra kommunen ved saksbehandlar Larissa Dahl datert den 03.02.22.

Følgande seks punkter er det etterlyst meir informasjon om:

1. Opplysningar om tiltakets ytre rammar.
2. Bustadspesifikasjon i matrikkelen eller evt. bruksareal på tilbygget, samla bruksareal og BTA-areal.
3. Utrekning av TU% tomteutnytting på eigedommen.
4. Estetisk vurdering av tiltaket i høve til seg sjølv og omgjevnader.
5. Gjennomføringsplan.
6. Situasjonsplan som viser avstand til kommunale leidningar. Det må avklarast med samferdsel avdelinga om tiltaket krev dispensasjon frå avstandskrav på 4 meter til kommunale leidningar eller ikkje:

Vedlagt er skjema «opplysningar om tiltakets ytre rammer», som svarer på ovenforstående punkter 1-3.

4. Vedrørende det estetiske ved tilbygget finn underteiknande dette uproblematisk. Tilbygget skal byggast med same materialer og finish som eksisterande bygg, vindaug som i dag er på fasadevegg mot aust skal brukast på nytt på den same fasadeveggen. På fasadeveggen mot nord har ikkje arkitekt teikna inn vindu, dette er feil. Det skal vere eit avlangt liggande vindu i begge etasjar. Utforminga av taket vil vere standard taktekke, og ikkje synleg for omgjevnadane.

5. Etter tilbygget er godkjent hjå kommune vil eg engasjere grunnentreprenør Yngve Dale og tømrar Lars Askeland. Håpar å kome gang ila vinteren med ferdigstillelse før sommaren. Eg har dialog med begge bedrifter, dei ventar berre på klarsignal.

6. Utklipp fra reguleringsplan under. I mailen til meg er det stilt spørsmål om vassledningar er nærmare enn 4 meter til tiltaket. Eg får ikkje til å vise vassledningar i kartfunksjonen på nordhordlandskart, men utifrå tilsendt teikning er avstanden fra hjørnet av tiltaket til tomtegrensa (der vassledninga går) ca 4,6 meter.



Håper med dette at alle spørsmål vedrørende søknaden er besvart, og at saksbehandlingen går raskt.

Mvh Jon-Karsten og Miriam Saunes

Frekhaug, 07. februar 2022